



Bak venteskuret i busslomma ved skulen står to sykklar, ein defekt og ein i god stand.

**Attgløynde sykklar er eit problem i mange bygder, også i Uskedalen. Det står attlatne sykklar fleire stader, særleg langs Fylkesvegen gjennom bygda. I busslomma ved skulen finn vi to sykklar, ein defekt og ein i tolleg god stand. Ein godt brukande sykkel står også i busstoppet nedom Halsabrotet byggefelt. I Båthamna står det ein sykkel.**

Det som er spesielt med desse syklane, er at dei kan stå på same plassen i mange månader, ja, opp til eit år. Ingen hentar dei og ingen flyttar dei. Syklane berre står og står. Ingen bryr seg. Ingen spør etter dei. Ingen spør etter kven som kan vera eigaren.



[I busstoppet nedom Halsabrotet står eit godt brukande sykkel. Kven er eigaren ?](#)

Oskar Langballe på SIM fortel til Uskedalen.no at det kvar veke vert levert inn sykklar. Det er stort sett eigaren som sjølv med og leverer. Ved ryddeaksjonar kan det koma med fleire sykklar. Dei fleste syklane er godt brukande. Det kan vera litt rust, men elles fungerer alt. På SIM vert sykklar komprimerte, pressa og leverte som såkalla kompleks metall.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal